

Månadsbrev januar 2017

Ein juleferie går fort, og eg vonar han vart fin. Plutseleg var me over i 2017. Godt nytt år, store og små!



Dette bør bli ein god læringsmånad for elevane, sidan det er lite anna som skjer. Litt må det jo vera, men det er òg læring. Me har morgonsamling 9. januar, og same dag får 6.-10. klasse besøk av Den kulturelle skulesekken med opplegg om Edvard Munch og "Livsfrisen". Det blir ny kulturell skulesekkk for ungdomstrinnet 19. januar på Tonstad med "Kvinnekuppet". Det er ei tidsreise gjennom kvinnekampen si historie med tre oldedøtre etter Utsira sine første styrande kvinner (1925), m.a. dagens ordførar Marte Eide Klovning.



<http://kodebergen.no/artikkel/munch-museum-i-bergen>

På vaksennivå er det SMU- og SU-møte 17. januar der me skal ta opp høyringa om føreskrifter for grunnskulen i Sirdal kommune, med m.a. krinsinndeling, og skuleruta 2017/2018. Lærarane held fram med utarbeidning av sosial læreplan i samband med SKU-arbeidet, og Sølvi og underteikna skal på SKU-nettverkssamling i Lyngdal 19. januar. Synd, for då kan ikkje sistnemnde henga seg med på kvinnekuppet... Elles er skulen attraktiv å leiga, anten det er til skirenn, unge kajakktalent, speidarar eller idrettslag som vil til Øvre Sirdal, og to helger i januar er allereie fullbooka.

Januar kan bli aktiv for dei som engasjerer seg i opplæringsmålet i Sirdal, sjølv om det berre er røysteføre frå Ousdal og sørover som kan seia si meining i den rådgjevande folkerøystinga 13. februar. Det er vel få som er i tvil om kva eg meiner i den saka, men forsking slår faktisk fast at kunnskap om eige talespråk og språkleg mangfald styrkar opplæringer i eige opplæringsmål. Det pirrar nyfikna til språk, og handlar om kva me kjenner er vårt språk og ein del av identiteten vår. Brynjulf Jung Tjønn skriv m.a. godt om det på <https://iver.nynorskenteret.no/?s=tj%C3%B8nn>.

Elles kan de foreldre setja av kvelden 13. februar for besøk av Villmarksbarna ved Runa og mora om kvelden, medan det vert opplegg på Sinnes tysdag føremiddag for elevane i 1.-4. klasse i Sirdal og femåringane i Øvre Sirdal barnehage.



Sinnes 31.12.16, Åse-Berit